



# DEN NORSKE KYRKJA

## Møre biskop

Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030 dep  
0030 OSLO

dok 7

Kultur- og kirkedep.	
KI	
Saksnr. 200603145	Dato 200906
Kode KI-544	Rev.

Dato: 18.09.2006

Vår ref: 06/227-5 OB/MI.

Dykkar ref:

### Høyringsfråsegn frå Møre biskop - endringar i tenesteordning for biskopar (TOB)

Både biskop og bispedømeråd er høyringsinstansar, og som medlem av bispedømerådet står eg bak den fråsegna som vart vedteken i bispedømerådsmøtet 1. september 2006. Eg viser til denne fråsegna. I tillegg til det som der er sagt, vil eg kome med nokre utdjupingar og presiseringar:

Biskopen har både tilsynsansvar og arbeidsgjevaransvar, det siste som medlem av bispedømerådet. Ein kan seie at TOB § 1 profilerer tilsynet medan TOB § 2 (i si noverande form) i hovudsak handlar om visse sider ved arbeidsgjevaransvaret.

Etter Møre biskop sitt syn bør prostane ikkje berre utføre arbeidsgjevaroppgåver, men også tilsynsoppgåver. Etter mi meining er prostane sine oppgåver, slik dei er skildra i den nye tenesteordninga, altfor arbeidsgjevarorienterte. Det står rett nok i TOP § 1 at prosten skal "bistå biskopen i dennes embetsutøvelse", og der vil det også liggje implisitt tilsynsoppgåver, men i praksis vert dette svekt ved at forslaget til ny TOB § 14 ikkje viser til TOB § 1. Dette kan, dersom ein tek forslaget til § 14 bokstaveleg, i praksis bety ei svekking av tilsynsfunksjonen i kyrkja vår. Også prostane bør ha ein viktig funksjon i – på vegner av og i samråd med biskopen – å "ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsatte og øvrige medarbeidere." Også prosten bør sjå til "at prestene forvalter sakramentene, forkynner og selv lever i overenstemmelse med den kristne tro, slik den er uttrykt i vår kirkes bekjennelse og ordninger, og at også andre som er vigset til tjeneste i kirken, virker og lever i samsvar med vigslingens formaning og løfte."

I utgangspunktet burde ein våge å bruke begrepet "tilsyn" om denne oppgåva, men eg er klår over at departementet ønskjer å reservere tilsynsbegrepet for biskopen – endå denne avgrensinga er i strid med terminologien i GT og NT, og med ordinasjonsritualet vårt, der "tilsyn" i ei av skriftlesingane (1 Pet 5) vert brukt om presten si teneste.

No er eg ikkje oppteken av ein debatt om terminologi. Ordet "tilsyn" i norsk språkbruk har etter kvart fått ein slik valør at det på lengre sikt kan verte ubrukeleg også for biskopen sin funksjon. Då kan ein bli nøydd til å finne ein ny uttrykksmåte for det

greske ordet "episkope"/tilsyn. Det er ikkje meir dramatisk enn at ein også elles, som resultat av utviklinga i norsk språk, må skifte ut gamle omgrep med nye, slik det vart gjort ved revisjonen av bibelomsetjinga i 2005.

Det viktige er at ein ikkje misser saka. Derfor vil eg ikkje setje meg imot at ein i dagens situasjon reserverer ordet "tilsyn" for biskopen sine oppgåver, men då burde ein ha fått saka fram i TOB § 14, for også prosten må kunne utøve åndeleg leiarskap (= tilsyn), ikkje berre i høve til prestar, men i heile prostiet med råd og tilsette. Dersom ikkje oppgåvene i TOB § 1 vert utførte i kollegialitet mellom prosten og biskopen, vil det i praksis innebere ei svekking av tilsynet i kyrkja vår. Med det arbeidspresset biskopen har, er det uråd å føre tilsynet heilt åleine. Eit samvirke i tilsynsfunksjonen mellom biskop og prost har lang tradisjon i kyrkja vår og burde ha kome til uttrykk eksplisitt i TOB § 14 med ei tilvising til § 1.

Med helsing



Odd Bondevik  
biskop